

Super juleavslutning i skulemusikken.

13.12.2016



Musikarane fekk mange velfortente godord frå dirigent Tor Skeie Olsen på juleavslutninga.

Underteikna var så heldig å verta invitert på juleavslutninga i skulemusikken tysdag. Det vart ei super feststund i lag med ungdommane i korpset, styret og dirigenten. Stemningen var flott heile tida, men toppunktet blei nådd då dei hadde selskapsleikar. Då stod både latteren og engasjementet i taket etter kvart som ungdommane viste kreativitet og morosame talent!



Pizzaen smakte!! Og det gjorde resten og!

Før måltidet starta takka dirigent Tor Skeie Olsen musikarane for flott innsats, innstilling og utvikling siste halvåret, og han har god grunn til å rosa dei for mange av dei unge musikarane er i svært god utvikling. Hege Lekva delte ut premiar etter salget av adventskalendar. Alle hadde gjort ein flott innsats og selt meir enn minstemålet. Den gruppa som fekk premie for flest selde kalenderar var Celine Musland, Helene Myklebust og Emma M. Ripel. Dei hadde selt imponerende 100 stk., og det måtte til for Nils Rainer Vågen og Tobias Hella Berge-Soldal fulgte like bak med 98. Det vart også trekt ut premie blant alle som hadde nådd mistekravet, og den gjekk til Nils Rainer Vågen. Premiane var gavekort på Spar Uskedalen.

Serveringa var også perfekt. Pizza frå Pizzabakeren, julabrus og med riskrem med mandel til dessert. Den heldige som fekk mandelen og vart premiært, var Amalie Hovden Rød. Dirigent Tor Skeie Olsen vart overrekk blom og takka for den gode jobben. Også Thor Inge Døssland fekk blom som takk for god hjelp. Det er ein tradisjon at musikarane får ei julegåve på juleavslutninga. I år fekk dei gavekort på Husnes Storsenter og ei 'strømpe' med julegodt.

Mellom pizzaen og desserten var det tid for leikar, og dette vart eit av dei absolutte høgdepunkta. Ann Kristin Musland hadde funne fram til leikar som verkeleg slo an!! Først skulle to og to mime julesongar. Med kreativiteten, teatertalentet og humoren som vart vist, vart dette topp underhaldning. Etter tur og orden vart Det lyser i stille grender, Deilig er jorden, Rudolf er rød på nesen og fleire andre kjende julesongar mimma. Ikkje alt var like lett å gjetta, men underhaldande var det! Latteren stod i taket!

Etter dette var det klart for ny mimeleik. Døme på det som skulle mimast då var rakett, skitrek, pinnekjøtt og Mette Marit. Topp underhaldning, og eg må sei eg vart imponert då dei klarte å mime pinnekjøtt slik at dei fann ordet. I den tredje leiken skulle ein forklare ord slik at ein annan klarte gissa det. Kjempekjekk og engasjerande den og!

Til slutt var det ein parleik der den eine fekk musikk på øyrene. Denne skulle gissa ein kort setning som den andre sa, ved å lesa på leppene. Slett ikkje enkelt, men veldig underhaldande! Tydelegvis veldig kjekt for ungdommane og ei topp oppleving for oss godt vaksne.

Det var supert å få vera til stades på denne flotte juleavslutninga. Her var det mykje kvalitet!!!



Kven vann kalendarsalgkonkurransen?



Celine, Emma og Helene selde 100 kalenderar. Imponerende!



Dyktig styre.



Miming: Det lyser i stille grender.



Dette er gøy!



Leppelesing: Kul - God jul- KA



Leppelesing, ikkje enkelt, men topp underhaldning!



Kva julesong er dette?



Tobias og Nils Rainer er fornøgd med gåvene og må smaka på julegodtet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.